



Tilstandsrapport for grunnskulen

Os kommune mai 2016



Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskulelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skulene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skuleeigaren og skulane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skuleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skuleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstillе informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skule eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skulen og mellom skulane og resultatata i dialogen med skuleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skuleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnsopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skuleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skuleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skuleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

onsdag, 25. mai 2016



Innhold

1. Samandrag og konklusjon	5
2. Hovudområde og indikatorar	7
2.1. Elevar og undervisningspersonale	7
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	7
2.1.2. Lærartettleik.....	9
2.2. Læringsmiljø	12
2.2.1. Elevundersøkinga	12
2.2.2. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)	19
2.3. Læringsresultat.....	23
2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget.....	23
2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg	27
2.3.3. Avgangskaraktarar - matematikk, norsk og engelsk.....	32
2.3.4. Grunnskulepoeng	33
2.4. Gjennomføring.....	36
2.4.1. Overgang frå grunnskule til VGO	36
2.5. Spesialundervisning.....	39
2.6. Vaksenopplæringa.....	41
3. System for oppfølging (internkontroll)	43

I. Samandrag og konklusjon

Elevar og lærarårsverk

Vi har hatt kraftig vekst i elevtalet i skulane i Os kommune. Det siste året har vi hatt ei lita auke i lærarårsverk. Tala syner at vi likevel har relativt mange elevar pr. lærar.

Kapasitet, folkevekst og nærskuleprinsippet

Vi har kapasitetsproblem på sentrumsskulane. Utbygging på Lunde barneskule er i gang og nytt bygg på Lunde barneskule løyser problema i sentrum sør. På Os barneskule har vi eit reelt kapasitetsproblem på einskilde trinn. Ny barneskule lokalisert "aust om elvo" vil løyse kapasitetsproblema i sentrum.

Skulemiljø

Alle elevar i Os skal oppleve eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, Vi har nulltoleranse mot mobbing. Elevar og foreldre skal oppleve å bli møtt og tekne på alvor når dei tek kontakt med skulen. Alle har krav på og meldar eit skulemiljø som fremjar helse og tryggleik.

Vi har gode resultat på elevundersøkinga. Som kommune kjem vi ut med gode resultat på elevane si vurdering av Trivsel, Trygt miljø, Støtte frå lærarane og Vurdering for læring. Vi har og relativt lite mobbing. Elevane opplever at dei får vera med å vurdera eige arbeid. Vi har mange elevar som identifiserer eit motivasjonsproblem i.h.t. skulearbeidet. Vi har og ei lita gruppe som ikkje synast dei får nok utfordringar i alle fag.

Vi jobbar tett opp i mot skulane gjennom året for å sikre at alle elevane har eit skulemiljø som fremjer helse og tryggleik, og som har nulltoleranse for mobbing.

Læringsresultat

Nasjonale prøver: Vi ligg noko under landsgjennomsnittet på prøvene på mellomtrinnet. På ungdomstrinnet er vi meir lik nasjonalt nivå. Når det gjeld engelsk på mellomtrinnet har vi eit forbettringspotensiale. Elevane gjer det imidlertid mykje betre i engelsk på ungdomstrinnet. Vi har ein markant betring frå 5. trinn.

Grunnskulepoeng: Vi har ein positiv trend som følgjer nasjonalt nivå. Vi kjem godt ut på grunnskulepoeng, altså elevane sitt samla resultat etter grunnskulen. Elevane våre klarar seg og godt gjennom vidaregåande skule.

Resultata blir følgd opp gjennom prosjekt «Betre læringsresultat». Eit godt læringsmiljø, der elevane trivst og er trygge, er grunnlaget for all læring. Vi satsar på «tidleg innsats» og tett oppfølging av alle elevar som skårar dårleg på kartleggingsprøvar på småskuletrinnet. Leselos er eit konkret verktøy som tek sikte på å auke elevane sine grunnleggande ferdigheiter i lesing.

«Ungdomsstrinn i utvikling» på begge ungdomsskulane med satsinga lesing i alle fag har kome godt i gang. Utviklingsarbeidet vil vi halde fokus på over fleire år. Dette er ei målretta satsing som også skuleeigar fylgjer tett med å leggje til rette for nettverk, lærande nettverk, felles utviklingsdagar og kompetanseheving.

Styringsdialog mellom skuleeigar og skulane blir gjennomført ein gong i året. Læringsresultat og skulemiljø er eit sentralt tema på desse dialogane.

Spesialundervisning

Retten til spesialundervisning er ein av dei mest sentrale rettane i Opplæringslova, og skal vere eit sikringsnett for elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa. Vi ligg ikkje spesielt høgt når det gjeld timar nytta til spesialundervisning i Os kommune, litt under snittet i landet. Vi ynskjer å sikre at alle elevar blir fanga opp tidleg nok. Vi vil halda fram arbeidet med å styrka tilpassinga innanfor klassen si ramme med t.d. fleire lærarressursar inn i klassen, og redusera timar som blir brukt mot enkeltelevar og mindre grupper av elevar som blir teke ut av fellesskapet i klassen. Vi har eit nært samarbeid mellom PPT og skulane.

Overgang til vidaregåande skule

98,7% av elevane som går ut av ungdomsskulen startar på vidaregåande skule. Vi ligg over nasjonalt nivå og vil jobba kontinuerleg for å halda dette resultatet eller forbetra det. Vi har og gode tal når det gjeld gjennomføring av vidaregåande skule. Vi har starta eit prosjekt "Sjåast i morgon", som byggjer system for å hindra bekymringsfullt fråver. På Os vgs. har «Forebyggjande helse» eit prosjekt om fråver og "dropout". Dette har gitt gode resultat på fråveret til elevane på Os vidaregåande skule. Prosenten av elevar som sluttar har endra seg frå 10% i 2013/2014 til 3,6% skuleåret 2015/2016

Vaksenopplæringa

Det er ti tilsette ved skulen og ca 100 elever fordelt på dag- og kveldsundervisning. Vaksenopplæringa har fortløpande opptak av nye elevar som har behov for opplæring og tilbyr undervisning på fylgjande område: Grunnskuleundervisning etter §4A-1, Eksamensretta grunnskule, Spesialundervisning på grunnskulens område. Realkompetansevurdering. Norsk med samfunnskunnskap for innvandrarakar. I tillegg underviser vaksenopplæringa arbeidsinnvandrarakar i norsk.

Konklusjon

Prosjekt Betre læringsresultat (BLR): BLR har fokus på innhaldet i skulen og kva utviklingsområde vi skal arbeida med. Dette har skapt ei retning på kvalitetsutviklinga som både politikarakar, skuleadministrasjonen og skulane er samde om. I tillegg er satsingsområde heilt i tråd med signala frå Utdanningsdirektoratet. BLR har gitt oss midlar til tidleg innsats på 1. og 2. trinn, og ressursar til Leselos på 1.-7. trinn. Styringsgruppa er samansett av politikarakar, administrasjon og representant frå dei tillitsvalde. I tillegg har vi ei ressursgruppe av fagpersonar og representant frå KFU, kommunalt foreldreutvalg.

2. Hovudområde og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomsteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

- Godt kvalifisert personale på alle skulane
- Tenlege skular og skuleområde for elevar og tilsette
- Gode rammer for god undervisning

Os kommune skuleeigar | Fordelt på periode

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Talet på elevar	2 435	2 473	2 540	2 665	2 744
Årsverk for undervisningspersonale	197,9	207,6	200,8	202,8	208,3
Andel årstimar til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,9	99,3	99,2	100,0	99,5

Os kommune skuleeigar, Grunnskule, Antall elevar og lærerårsverk, Offentleg, Alle trinn, Begge kjønn

Årsverk og lærartettleik.

Tal elevar pr. lærar er utrekna utifrå forholdet mellom lærartimar og elevtimar. Vi har hatt ein stor elevtalsauke dei siste åra. Talet på lærarstillingar har ikkje auka tilsvarande. Os kommune har 16,0 elevar pr. lærar på barnetrinnet mot 13,4 elevar pr. lærar nasjonalt. På ungdomstrinnet har vi 16,3 elevar pr. lærar mot 14,3 elevar pr. lærar nasjonalt. Talet elevar pr. lærar i Os kommune er over landsgjennomsnittet, men det er variasjonar mellom dei små og store skulane i Os kommune.

1.-7. årssteg



Gjennom tildelte statlege midlar for auka lærartettleik, deltaking i forskningsprosjektet «Two teachers» og BLR midlar til tidleg innsats vil vi få ein liten auke i lærartettleik på 1.-4. årssteg.

Vi har inngått avtale med Universitetet i Stavanger om deltaking i eit fireårig forskningsprosjekt: "Two Teachers". Eit av kriteria for å ta del i prosjektet var at skulen hadde 2 klassar på 1. trinn skuleåret 2016/2017. Alle våre 6 barneskular

med to-parallellar deltek i dette forskningsprosjektet.

Gjennom vårt lokale prosjekt "BLR" fekk skulane tilført tre 100% pedagogstillingar, "Forsterkingslærarar", fordelt etter tal elevar 2. trinn på dei 10 barneskulane. Desse forsterkingslærarstillingane er øymerkt tidleg innsats 2. og 3. trinn.

I år aukar timetalet for mellomtrinnet med ein time pr. veke for alle elevar i naturfag.

8.-10. årssteg

Lærartettleiken på ungdomssteget kan bli betre når vi neste skuleår vil oppretta nye klassar på begge ungdomsskulane våre p.g.a. elevtalsauke, men samstundes er skuleåret 2016-2017 siste året Os ungdomsskule får tilført 5 lærarstillingar gjennom ei nasjonal satsing.

Kapasitet, folkevekst og nærskuleprinsippet

Til no har vi i stor grad hatt kapasitet til å ta imot elevar i eksisterande klassar. Oppretting av nye klassar medfører fleire årsverk.

Det har i perioden 2010 - 2015 vore ei elevtalsauke på 302 elevar medan årsverk undervisningspersonale har hatt ei auke på 3,2. Ei forklaring er at dei fleste elevane har fått plass i eksisterande klassar.

På ein skilde område og på ein skilde trinn er romsituasjonen og kapasiteten ei utfordring. Fylkesmannen peikar på at skular må vurdera ulike formar for organisering av skuledagen før ein skule kan reknast som full. Dette kan vera å ta i bruk spesialrom og grupperom til den ordinære undervisninga. I tillegg må skuledagen utvidast. T.d. tidlegare start og seinare avslutning av skuledagen. Andre tiltak kan vera å ha klassar utan eige fast klasserom. Vi kan koma i ein situasjon der vi får utfordringar med å oppfylle retten til nærskule for elevar.

Utbygging på Lunde barneskule er igang. Ny barneskule lokalisert "aust om elvo" må konkretiserast. Denne skulen vil løyse kapasitetsproblema i sentrumsområdet.

Kompetanseheving

Midthordland kompetanseregion har gjennomført fase I i organisasjonsutviklingsprogrammet for barnehage og skule 2014-2016. Leiarutviklingsprogram er no igong med fase 2 frå 2016-2018. Dette er eit utdanningsprogram for godt eigarskap, godt leiarskap og godt medarbeidarskap i barnehage og skule.

Strategien «Kompetanse for kvalitet» er ei varig satsing på vidareutdanning for lærarar. Målet er å styrka den faglege og pedagogiske kompetansen hos lærarane. Os kommune ønskjer å leggja til rette for at flest mogleg lærarar får kompetanseheving. Skuleåret 2016-2017 er det 29 lærarar som vil ta del i den statlege satsinga. 16 assistentar/fagarbeidarar har starta på «Spesialundervisning» i regi av folkeuniversitetet.



Dette skuleåret har vi to inspektørar som er i gong med rektorskulen og to rektorar som skal starte på rektorskulen hausten 2016.

Folkeuniversitetet har skuleåret 2015-2016 gjeve tilbod om eit kurs for assistentar og fagarbeidarar i spesialpedagogikk. Det er fleire av våre tilsette som gjennomfører denne vidareutdanninga. Organisasjonane

og kommunene har gitt økonomisk støtte til dei som deltek.

I tillegg har vi gjennomført 2 interne kurs for alle fagarbeidarar og assistentar i «Leselos og ramma for god læring» og «§9a- elevane sitt skulemiljø».

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skulenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på

undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.


Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skulen i GSI. Dette kan til dømes vera timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokale mål

- Sikra auka lærartettleik og tidleg innsats på 2.- 3. årssteg.
- Auka lærartettleik som sikrar god tilpassa undervisning

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, 2014-2015, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Os kommune fekk tildelt 4 lærarstillingar frå hausten 2015 gjennom den statlege tilskuddsordninga "tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats frå 1.-4. trinn. Formålet med ordninga er å setja kommunar i stand til å auka lærartettleiken på 1.-4. trinn og midlane er difor øyremerkt lærarstillingar til undervisning. Skuleeigar har drøfta korleis midlane skulle nyttast i møter med rektorgruppa og i drøftingsmøte med dei tillitsvalde. Det vart vedteke at det som var mest tenleg var å tilføra 1 pedagogstilling til følgjande 4 skular: Lunde barneskule, Nore Neset barneskule, Os barneskule og Kuventræ barneskule.

Gjennom den statlege tilskuddsordninga til auka lærartettleik på ungdomstrinnet ved skular som skuleåret 2011-2012 hadde ei gjennomsnittleg gruppestorleik på over 20 elevar per lærar i ordinær undervisning på ungdomstrinnet, og som hadde grunnskulepoeng under snittet for landet, fekk Os ungdomsskule tilskot. Tilskuddsordninga går over ein 4 års-periode og Os kommune må søkja årleg, og vert tildelt for eitt skuleår om gongen. Midlane vert tildelt under den føresetnaden at desse skal nyttast til å auka lærartettleiken i ordinær undervisning på ungdomstrinnet ved den skulen som er omfatta av tilskotet. Skuleåret 2016-2017 er siste året Os kommune får tildelt dette tilskotet.

Os kommune held fram med tilpassa undervisning framover. Målet er å sikra flest mogeleg elevar eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa i klasserommet i fellesskap med dei andre elevane i klassen. Vi ønskjer å redusera spesialundervisninga, men samstundes sikre at dei elevane som ikkje har eit tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa og som då har ein individuell juridisk rett til spesialundervisning får oppfylt retten sin. Dette systemiske arbeidet er i tett samarbeid med PPT.

Os kommune har fått innvilga sin søknad om å få delta i Universitetet i Stavanger sitt forskningsprosjekt Two teachers (På norsk: «To lærere i klasserommet: økt handlingsrom for tilpasset leseopplæring»). Two Teachers er eitt av to store forskningsprosjekt som skal undersøkje effekten av auka lærartettleik for norske elevar. Det blir prosjektoppstart våren 2016, og intervensjonen startar ved skulestart 2016. Eit kriterium for å kunne delta var at skulane måtte ha to parallelar på 1. årssteg hausten 2016. Alle barneskulane i Os som oppfylte dette kriteriet, Os barneskule, Lunde barneskule, Søfteland barneskule, Kuventræ barneskule, Lysekloster barneskule og Nore Neset barneskule, deltek i prosjektet.



2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkludert og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigarar og skuleleiarar å gjennomføra Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skuleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjera feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogeleg å medverka i arbeidet med faga, og om dei får vera med og avgjera klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobbing på skulen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skulen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skuleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skulen.
- **Andel elevar som har opplevd mobbing:** 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent). Se eige diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt og del av elevar som er i prosent.

Lokalt mål:

- Frå og med skuleåret 2016-2017 skal alle klassar på 5.-10.trinn gjennomføra Elevundersøkinga.
- Alle skulane skal følgja felles rutinar for førebuing, gjennomføring og oppfølging av resultata.
- Alle elevar skal oppleve eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Os kommune sin Internkontroll og prosedyrar for §9-a Elevane sitt skulemiljø skal sikre at alle elevar og foreldre opplever å bli møtt og fulgt opp i tråd med dei retningslinjer og lovverk som trer i kraft når dei tek kontakt med skulen og melder om eit skulemiljø som ikkje fremjar helse, trivsel og læring som alle har krav på.
- Vi skal auka nærværet til elevane på alle barneskulane gjennom prosjektet: "SIM, sjåast i morgon" om førebygging og oppfølging av fråvær hos elevane.


Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2014–2015, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2014–2015, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Eit godt læringsmiljø

Eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for at elevane skal lære og utvikle seg både fagleg og sosialt. Ei hovudoppgåve for skulen er å skape gode læringsmiljø prega av respekt, tryggleik og trivsel. Sentralt i eit godt læringsmiljø er klassen som sosialt system der relasjon lærar – elev og elev-elev er avgjerande. Eit godt læringsmiljø er eit komplekst samspel mellom læraren si undervisning og elevane si læring der relasjonar og leiing inngår som kjernekomponentar.

«Den gode timen», ramma for god læring, er ein felles «standard» for alle skolane våre. Gjennom satsing på godt læringsmiljø, god klasseleiing og samarbeid heim-skule leiing vil vi sikre kvalitetsutvikling i alle skolane.

Systemarbeid og eit aktivt PPT gir betre læringsmiljø i skulen. Gjennom god dialog og godt samarbeid med den einskilde skule er PPT ein god støttespelar i utvikling av et godt læringsmiljø i alle klasserom for alle elevar i Osskulen. Systemarbeidet er intensivert.

Os kommune har vedteke at vi går inn for ein 3-års kontrakt med Trivselsprogrammet for alle barneskulane i Os kommune. Fysisk aktivitet har positiv effekt på læring, konsentrasjon og psykisk helse. Systematisk og godt arbeid gjennom TL-programmet er ei viktig faktor i arbeidet med eit godt læringsmiljø.



Trivselsprogrammet sitt mål er å:


- Fremja auka og meir variert leik/aktivitet i storefriminutta
- Legge til rette for at elevar skal kunne byggja gode vennsksapsrelasjonar
- Redusera konfliktrar blant elevar
- Fremja verdiar som inkludering, venlegheit og respekt

Gjennom TL-programmet og aktiv TL-undervisning sikrar vi at elevane på 5.-7. årssteg får oppfylt retten om fysisk aktivitet, 76 timar i løpet av mellomtrinnet, utanom kroppsøvningsfaget.

Støtte frå lærar

Lokale mål:

- Oppretthalda nasjonalt nivå på barnetrinnet
- Forbetra resultatet på ungdomstrinnet




- Gjennom utviklingsarbeida LeseLos og Ungdomstrinnsatsinga, er støtte og rettleiing til elevane frå lærar ein del av satsinga.
- Lærarane må synleggjera og setja ord på korleis rettleiinga som dei driv med i klasserommet overfor elevane, er ein støtte i elevane sin læring og utvikling.

Ein positiv relasjon mellom lærar og elev er hjørnesteinen i god klasseleiing. Korleis læraren legg til rette for læring gjennom å kommunisera klåre læringsmål, bruke varierte arbeidsformar og materiell, får elevane til å involvera og engasjera seg. Tydeleg forventning gjev motivasjon. «Relasjonsbygging til elevane er ein motorveg til læring. Elevane lærar betre av lærarar dei likar. «(Pål Roland)

Vurdering for læring:

Lokale mål:

- Resultat lik nasjonalt nivå.
- «Den gode timen» skal vere definert
- Prinsippa for vurdering for læring skal vere integrert i læringsarbeidet.



Gjennom utviklingsarbeida "LeseLOs" og UIU, ungdomsstrinn i utvikling, er vurdering for læring ein del av satsinga. Elevane og lærarane utarbeidar gode rutinar for undervegsvurdering, tilbakemelding, rettleiing om vegen vidare og vurderingskriteria . Elevane skal medverka og vera aktiv i vurderingsarbeidet og setja seg mål for arbeidet framover. Gjennom utviklingsarbeida LeseLos og Ungdomstrinnsatsinga er støtte og rettleiing til elevane frå lærar ein del av satsinga. Dei fire prinsippa for undervegsvurdering skal vera kjent for alle lærarane. Dei inneber at elevlar lærar best når dei

- forstår kva dei skal læra, og kva som er forventa av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan forbetra seg
- er involverte i eiga læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling


Gjennom utviklingsarbeida "LeseLOs" og UIU, ungdomsstrinn i utvikling, er vurdering for læring ein del av utviklingsarbeidet. elevane og lærarane vil få støtte i å få på plass gode rutinar for undervegsvurdering,

tilbakemelding, rettleing om vegen vidare og at elevane sjølv er aktiv i vurderingsarbeidet og set seg mål for arbeidet framover.

Læringskultur:

Lokale mål:

- Resultat lik nasjonalt nivå.




Ein positiv læringskultur oppmuntrar til læring. Elevane må oppleva at det er lov å prøve og feile, og å gjera sitt beste på skulen. Eit læringsmiljø der elevane støttar kvarandre, er motiverte og interessert i å lære, vil fremje elevane si læring. Utvikling av ein slik læringskultur heng nært saman med læraren si klasseleiing. Gjennom god klasseleiing kan læraren med sine val og handlingar utvikla ein god læringskultur.


Utvikling av ein positiv læringskultur eit sentralt forbetningsfelt. Det blir vektlagt god og tydeleg klasseleiing og læringsleiing som legg vekt på at elevane ser nytta av å lære, hjelpar kvarandre, støttar, spør læraren eller medelevar, tek opp det som er vanskeleg og at det er "rom for å feile". Praktisk og variert undervisning der elevane er aktive i si eiga læring står sentralt i satsingsområda på alle skulane.

Meistring:

Lokalt mål:

- Elevane skal i større grad oppleva meistring i skulekvardagen og i leksearbeidet





Motivasjon og meistring for betre læring er tittlen på strategi for ungdomstrinnet. Gode meistringsopplevingar for alle elevar gir tro på eigne ferdigheitar og tru på seg sjølv. Har eleven lita tru på at han vil greie det, blir innsatsen relativt lunken. Har eleven tru på resultatet, desto meir energi set eleven inn. Det er sentalt at eleven opplever støtte og oppmuntring i arbeidet.


MOT:

Os kommune har inngått ein partneravtale med MOT der begge ungdomsskulane våre er MOT-skular. MOT bevisstgjer og styrkar motet til ungdomen – til å leva, bry seg og seia nei. Det er dokumentert at MOT har effekt på fleire område: Ungdommen sin sjølvtilitt, optimisme og mot. MOT har også eit verkty for kulturbygging og verdibasert leiing og ved å nytte MOT skapar man ein positiv lagspel-kultur og ein felles forståing for ansvaret vi har for kvarandre.

Elevdemokrati og medverknad:

Lokalt mål:

- Elevane skal skal i større grad oppleve medverknad i skulekvardagen



Alle grunnskular og vidaregåande skular har vore pålagt å ha elevråd sidan 1960-årene, og elevråda sine arbeidsfelt er gradvis blitt utvida. Elevrådsarbeid er eit viktig bidrag til at elevane får medverknad i saker som angår dei, og gir innsikt i korleis formelle demokratiske organ fungerer i praksis. Elevråda er eit bidrag til demokratiopplæring.


Barn og unge er det meste av dagane sine på skulen. I tillegg er dette ein arena der alle barn og unge er i minst 10 år. Det er derfor viktig at elevane får høve til å ytra meiningar om skulekvardagen, og at dei blir

høyr. Det formelle elevdemokratiet gjennom elevrådet er ei viktig kanal for medverknad og påverknad i skulen. Elevane skal vera med å påverka korleis undervisninga blir lagt opp i dei ulike faga, og korleis elevane og dei vaksne saman skal jobba for eit godt klassemiljø. Elevrådet er representert i SMU(skulemiljøutvalet) på alle skulane.

Mobbing på skulen:

Lokale mål:

- Alle elevar skal oppleva eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring
- Os kommune har nulltoleranse mot mobbing




2.2.2. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)

Prosentdelen Mobbing på skulen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skulen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål

- Os kommune har nulltoleranse mot mobbing.
- Elevundersøkinga blir gjennomført frå 5.-10.trinn på alle skulane i Os kommune. Felles rutinar for analyse og oppfølging av resultatata på kvar skule og rapportering til skuleeigar.
- Foreldra vil bli involvert og informert om forebygging og oppfølging av §9a saker, rettar og pliktar.


Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2014-2015, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2014-2015, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Praksisforteljing Handlingsplan mot mobbing

Halhjem barneskule har dei siste åra jobba med sosial handlingsplan, ein plan som skildrar korleis ein jobbar med danning av born i samarbeid med heimen og andre. I denne planen er førebyggjande arbeid mot mobbing godt ivareteke, men eg sakna gode rutiner for handtering av mobbesaker dersom dei dukka opp.

I samarbeid med lærarane på skulen fann eg ut av korleis rutinene har fungert tidlegare, og for å sikra god handsaming av desse potensielt vanskelege sakene systematiserte eg dette. Eg tok i tillegg med meg gode råd og rutinar frå mitt tidlegare arbeid på Søfteland skule og gode innspel etter kurs med Bjørn Eriksen i regi av Skulelederforbundet. Til saman vart dette til handlingsplan mot mobbing på Halhjem barneskule.

Planen vart jobba mykje med i det pedagogiske personalet, og vart og teken opp med alle dei andre tilsette. Før godkjenning i samarbeidsutvalet vart det og drøfta i FAU. Etter godkjenning deltok eg på foreldremøte i alle klassar for å gå snakka litt om mobbing generelt og om handlingsplanen spesielt.

Å koma ny som rektor og fokusera så mykje på eit negativ område var eg uroa for at kunne oppfattast negativt. Eg ville ikkje gje ut signal om at det er mykje mobbing på skulen eller at eg forventa at mobbing skulle vera eit stort problem. Slik gjekk det heldigvis heller ikkje. Både tilsette og føresette var veldig positive til at vi som skule skal ha fokus på dette og at vi skal ha gode verkty for å handsama potensielt vanskelege problem.

I haust har vi brukt handlingsplanen eit par gonger. Eg trur at det fokus vi hadde på dette i september gjorde det lett for føresette å ta kontakt med oss, og det var lett for tilsette å kontakta med som rektor. I tillegg hadde vi førebudd foreldra på at vi ville ha låg terskel for å kontakta dei dersom deira born ikkje hadde fin framferd mot andre. Dette gjorde arbeidet med nokre elevsaker enklare enn forventa, det var lett å etablera godt samarbeid med dei føresette.

Torgeir Skjælaaen Rektor Halhjem barneskule

Skuleeigar og skulane har kontinuerleg fokus på eit trygt og inkluderande skulemiljø for alle elevane, med nulltoleranse mot mobbing.

Skular med høge mobbetal på einskilde trinn blir tett fulgt opp av skuleeigar. Vi arbeider etter ein "modell" fra Læringsmiljøsentret i Stavanger. Skulane treng ulik støtte og hjelp i dette arbeidet.

I NOU rapporten "Å høre til" er det skissert tre element i eit systematisk arbeid mot mobbing:

- Fremja eit godt psykososialt skulemiljø
- Forebyggja mobbing
- Handtera hendingar

Os kommune sitt internkontrollsystem for §9a skal sikre at vi har eit forsvarleg system for å handtera dette fagfeltet.

I NOU rapporten "Å høre til" er det skissert fem hovedutfordringar i arbeidet mot mobbing.

1. Rettsikkerhet - elevane sine rettar blir ikkje oppfylte.
2. Skulekultur - skulekulturen fokuserar for lite på nulltoleranse for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering.
3. Involvering og samarbeid - elevar og føresette vert ikkje godt nok involvert i skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.
4. Ansvarleggjering og systematikk - skuleeigar og skuleleiar sin kapasitet til å jobba systematisk og

langsiktig med å utvikle skulemiljøet er mangelfull.

5. Organisering - ansvarsfordeling i støttesystemet er for utydeleg og er ikkje ei likeverdig teneste for skular og skuleeigarar.

Os kommune vidarefører vårt forsvarlege system i arbeidet mot mobbing som sikrar at desse fem hovedutfordringane blir ivaretekne og følgd opp av alle skulane. Dette er sentrale punkt som blir fulgt opp i styringsdialog og i medarbeidersamtalar.

Konkrete tiltak som er gjennomført

- Eige kurs for assistentar og fagarbeidarar i skulane
- Mobbing blir fokusert i ulike møtepunkt med skuleleiinga
- Foreldra blir involvert i større grad enn før
- Skuleeigar deltek aktivt i foreldremøte og i einskildsaker

Praksisforteljing - elevstøttegrupper

I haust prøvde vi ut elevstøttegrupper for utsette elevar. Bakgrunnen for utprøvinga var ein artikkel skulane fekk tilsendt frå kommunepsykologen om dette.

Erfaringane var gode. Elevane det blei etablert støttegrupper rundt kom med framlegg til kven dei kunne tenkje seg å ha med i si støttegruppe, og elevar som blei spurde om å vere med i ei støttegruppe var utan unntak positive og «stolte» over å bli vald ut.

Oppgåva til støttegruppa var å ta kontakt med eleven, få vedkomande med i leik osv. Elevane det vart etablert støttegrupper rundt, meldte tilbake at dei syntest det var eit godt tiltak.

Støttegruppene vart følgt tett opp av kontaktlærer, både før tiltaket vart sett i verk og undervegs. Støttegruppeperioden vart avslutta med ei samkome for medlemmane i støttegruppa og aktuell elev.

Jarle Reppen Rektor Hegglandsdalen barneskule

2.3. Læringsresultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistra grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal visa at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolka
3. reflektera over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggja i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løysa ei gitt utfordring
- kan løysa problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finna informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar


- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruka vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatane til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå I er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

- Auka læringsutbytte og oppleving av meistring for alle elevar.
- Redusere antallet elevar på meistringsnivå I

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, 2014-2015, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen

er henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk - Lesing




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2014-2015, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er

henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk - Regning




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2014-2015, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er

henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk - Engelsk



Os kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2014-2015, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Nasjonale prøver 5. trinn

Formålet med nasjonale prøver er å vurdere og utvikle elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og i delar av faget engelsk. Resultata skal nyttast som grunnlag for kvalitetsutvikling på individ, skule- og skuleeigarnivå. Vi har utvikla ei ny rutine for arbeid med nasjonale prøver. Denne rutina har vi starta å bruke denne vinteren. Skulane har rapportert og det har vore dialog med rektorane knytt til deira vurdering av resultat på eigen skule.

Generelt om resultatet på 5. trinn kan vi seie at:

- Vi har noko ulike resultat mellom skulane i kommunen. I rekning og lesing har vi skular som har gode resultat og andre som har svake resultat
- I engelsk har vi framleis eit svakt resultat på mange skular i 5. trinn.



På 5. trinn har vi eit resultat som ligg litt under Hordaland fylke og nasjonalt nivå. Vi har litt færre gode resultat enn i fjor, litt færre elevar på mestringsnivå 3. Også i år rapporterar skulane at dei har

mange elevar som ligg på grensa til nivået over. Desse elevane vil vi identifisera og skulane kan setja inn tiltak for å løfte denne gruppa. Vi vil ha spesiell merksemd på engelsk på småskuletrinnet det neste året.

Tiltak:

- Arbeid med Leselos på alle barneskular i Os
- Fokus på engelskundervising på småskuletrinnet på kvar skule
- Kompetanseheving engelsk. Vi oppfordrar lærarar til å søkje om vidareutdanning og har støtta slike søknader innanfor den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet»
- Kurs og nettverk

Praksisforteljing

Oppfølging av nasjonale prøvar Lunde og Halhjem barneskule.

Elevane som går på Halhjem barneskule frå 1.-4. trinn, startar på Lunde i 5. klasse. Vi har oppretta eit samarbeid med Halhjem barneskule, noko vi vil halda fram med. Dette har ført til betre kunnskap om nasjonale prøvar på Halhjem barneskule og begge skulane ønskjer vidare samarbeid. I år synte prøvane signifikante forskjellar mellom skulane, men dette varierte mellom fag. Vi vil arbeida vidare i 2016 med dette samarbeidet, for å auka læringa hjå elevane.

Torgeir Skjælaaen Rektor Halhjem barneskule

2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggja i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finna informasjon
2. forstå og tolka
3. reflektera over og vurdera form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektera over korleis dei best kan løysa ei gitt utfordring
- kan løysa problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdera om svara dei får er rimelege
- kan visa effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:


- finna informasjon
- forstå og reflektera over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

- Auka læringsutbytte og oppleving av meistring for alle elevar.
- Redusera antallet elevar på meistringsnivå 1 og 2

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, 2014-2015, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er

henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk - Lesing




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2014-2015, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er

henta frå Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk - Regning




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2014-2015, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå

Skuleporten

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk - Engelsk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2014-2015, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Nasjonale prøver 8. og 9. trinn

På ungdomstrinnet er vi meir lik nasjonalt nivå på alle prøvene. Når vi ligg på landsgjennomsnittet eller like under har vi eit godt resultat for denne gruppa. Ungdomssteget gjer det også i år generelt noko betre enn mellomtrinnet. Vi har ein liten framgang i rekning på 8. trinn og i lesing og engelsk på 9. trinn. Vi har ei betring i resultatata frå 8. til 9. trinn. I engelsk har vi ei markant betring frå 5. trinn til 8. trinn.

Rutina for gjennomføring og etterarbeid av nasjonale prøver er betre innarbeidd enn i fjor.

Arbeidet på mellomtrinnet er avgjerande for resultatata på 8. trinn. Vi kan seia at nasjonale prøver på 8. trinn måler arbeidet på mellomsteget.

Gode klasse- og læringsmiljø vert vektlagt. Skuleleiarane melder tilbake at det er fleire forhold som trekker i riktig retning og som på sikt skal bidra til betre skuleresultat. Desse tiltaka vert følgt opp i tida framover:

Satsinga på «Ungdomsstrinn i utvikling» på begge ungdomsskulane med satsinga lesing i alle fag har kome godt i gang. Dette utviklingsarbeidet vil vi halde fokus på over fleire år. UIU er ei målretta satsing som skuleeigar fylgjer tett. Vi legg til rette for nettverk, lærande nettverk, felles utviklingsdagar og kompetanseheving. Alle desse satsingane er initiert og blir følgde opp gjennom «Prosjekt betre læringsresultat.»

Styringsdialog vil bli gjennomført ein gong i året. Skuleresultat er eit sentralt tema på desse dialogane. Eit godt læringsmiljø, der elevane trivst og er trygge, er grunnlaget for all læring. Skuleeigar er tett på skulane i dette arbeidet.

2.3.3. Avgangskarakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:


- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

- Vi ynskjer likt resultat med nasjonalt nivå på standpunkt og eksamen.
- Standpunkt: B betre resultatet i norsk, oppretthalde resultat i engelsk og matematikk

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk



Os kommune skuleeier, Grunnskole, Karakterer – matematikk, norsk og engelsk, Offentlig, 2014–2015, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Forholdet mellom standpunkt og eksamen i Os er rimeleg bra. Det er vanleg at resultatane er noko lågare på eksamen enn på standpunkt. Generelt kan vi seia at vi i Os har god samanheng mellom standpunktkarakter og den karakteren elevane får på eksamen.

Eksamen: Vi ser at vi dette året på eksamen hadde eit godt resultat i matematikk. I norsk og engelsk skårar vi noko under nasjonalt nivå.

Standpunktkarakterar: I norsk ligg vi litt lågare enn gjennomsnittet. I matematikk og engelsk er vi på nasjonalt nivå.

Tiltak som har fokus i ungdomsskulen

- Den gode timen.
- Meir praktisk og variert undervisning.
- Fleire og betre læremidler, også digitale ressursar.
- Lokalt arbeid med læreplaner danner grunnlaget for halvtårsplaner.
- Sensorkurs i regionregi
- Lærande nettverk

2.3.4. Grunnskulepoeng


Grunnskulepoeng vert rekna ut ved at alle avsluttande karakterar på vitnemålet vert lagt saman og delt på antal karakterar for å få eit gjennomsnitt. Deretter ganges gjennomsnittet med ti. Elevar som har færre enn halvparten gyldige karakterar, er ikkje med i berekningane.

Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

- Vera på nasjonalt nivå eller betre

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode




Os kommune skuleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skuleporten

Grunnskolepoengsum

Grunnskolepoengsum	06-07	07-08	08-09	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15
Os kommune (15-16)	40,3	39,45	38,89	40,73	39,47	40,37	38,9	40,22	40,42



Vi ligg like under nasjonalt nivå. Vi har ein positiv trend som følgjer nasjonalt nivå. Vi bør vera over verdien 40. Lukkast vi med målsetjingane våre som gjeld standpunkt og eksamen vil dette gje eit positivt utslag på grunnskulepoeng.

Eksamenskarakterar heng i stor grad saman med elevane sine tidlegare resultat på nasjonale prøvar (SSB 2013b). Dette viser eit visst samsvar mellom kva for kunnskap og ferdigheiter nasjonale prøver og eksamen målar. Forsking visar at skular med eit godt læringsmiljø, slik det målast i Elevundersøkelsen, har hatt betre utvikling i elevane sine karakterar enn skuler der elevane i mindre grad er fornøyde med læringsmiljøet (Bakken og Seippel 2012).

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet.

2.4.1. Overgang frå grunnskule til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskulen.

Lokale mål

1. Vi vil leggja til rette for at opp mot 100% av 10. klassingane tek til på vidaregåande skule.
2. "Plan for overgangar" skal sikra god overgang frå ungdomsskulen til vidaregåande for alle elevar og særleg for dei som treng litt ekstra oppfølging og tilrettelegging.
3. System og rutinar som sikrer eit tett samarbeid på tvers av fagtenestene for å få til ein god overgang for alle elevane.

Os kommune skuleeigar | Samanlikna geografisk

Indikator og nøkkeltal	Os kommune skuleeigar	Kommunegruppe 08	Hordaland fylke	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskule	98,7	98,6	98,3	98,0

Os kommune skuleeigar, Grunnskule, Overgangen fra grunnskule til VGO, Offentlig, 2014-2014, Alle trinn, Begge kjønn

Vi ligg over nasjonalt nivå og vil jobba kontinuerleg for å halda dette resultatet eller forbetre det. For den einskilde elev er det avgjerande at kommunen har eit system som fangar opp dei som av ein eller fleire grunnar kan droppe ut av vidaregåande skule eller er i risiko for å ikkje kunna/vilja ta til på vidaregåande skule.

Vi har ei lita gruppe på 3 til 5 elevar som ikkje startar på vgs. skule etter endt grunnskule. Vi vil utvikla eit system som fangar opp denne elevgruppa. Meistringsteamet på ungdomsskulane våre har eit spesielt ansvar mot denne gruppa. Det blir inngått avtaler og samarbeid med vidaregåande skule for å sikra gode overgangar. Denne rutina er forankra i «Plan for overgangar – for barn og unge» i Os kommune.

I barneskulane har vi starta eit prosjekt "Sjåast i morgon", som byggjer system for å hindra bekymringsfullt fråver.

Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule

Os kommune har i to år mottatt midlar frå helsedirektoratet for å styrka skulehelsetenesta i vidaregåande skule. Prosjektet er gjennomført ved Os vidaregåande skule. Os vidaregåande skule er ein yrkesfagleg skule med ca. 480 elevplassar og med tilbod i fem utdanningsprogram. I tillegg tilbyr dei programma «Allmennfag påbygging», «Hverdagslivstrening» og «Arbeidstrening» i små grupper. 70 prosent av elevane er gutar og 20 prosent av elevane bur på hybel.



Skuleåret 2014/2016 vart nytta til å bygga eit fundament for det vidare arbeidet.

- I samarbeid med skulen vart nye rutinar for registrering og oppfølging av fråver utarbeidd
- Skulen auka rådgjevarressursen
- Helsesøster tok i bruk nye verktøy for kartlegging av rus, psykisk helse for å koma tidlegare inn kjerna i utfordringane til elevane
- Det vart oppretta samarbeid mellom ulike tenesteytarar i kommunen. Eit døme er NAV og psykolog i Tidleg innsats

Gjennom arbeidet fekk dei ulike instansane betre kjennskap til kvarandre, kva dei kan tilby, og kva utfordringar ein kan samarbeide om. Einingane har fått auka kunnskap om kva som er årsak til fråfallet, og kva kvar eining kan gjera for å få fleire elevar gjennom utdanningsløpet.

Os vidaregåande skule hadde i skuleåret 2014/2015 ei klar betring i tala for både «bestått», «slutta» og timefråvær.

	Os vgs 2011-2012	Os vgs 2012-2013	Os vgs 2013-2014	Os vgs 2014-2015
Fullført og bestått (i prosent)	79,2	77,9	66,9	87,7
Sluttet (i prosent)	4,2	7,2	10	4,4

Skuleåret 2015/2016 er nytta til å oppretthalde fokuset i skulen. Auke ressurs rådgjevar og helsesøster har vore tilgjengeleg 4 dagar kvar veke.

Helsesøster har dette skuleåret:

- Hatt fokus på å vera tilgjengeleg for elevane
 - Antall konsultasjonar: 592 (per 30.april 2016)
 - Antall samarbeidsmøter: 146
- Styrka samarbeidet med kontakklærarane
 - Har hatt møte med kvar kontakklærer for å bistå i arbeidet med oppfølging av elevar med høgt fråver.

UNGDOM OG HELSE, SEKSUALITET OG RUS

-HAUSTEN 2015 Informasjon om prosjektet «Se meg»

Det er stille i kantina, uvanleg stille. Elevane på 9.trinn sit forventningsfulle og venter på at startskotet for «Psykisk helseprosjektet» skal gå. Det er no prosjektet startar, to veker der norsk, engelsk og matematikk blir bytta ut med tema som vald i nære relasjonar, homofili, seksualitet, ungdom og rus, incest, overgrep og spiseforstyrningar. Framme i kantina byrjar filmen «Dinas kveldsbok» å bevege seg over skjermen. Nokre elevar ler, fem, seks av dei ser flaue ut, andre ser alvorlege ut, og nokon ser ned. Filmen tar opp vanskelege tema, ting det ikkje alltid er så lett å snakke med andre om, men som engasjerer ungdom og set i gang refleksjonsapparatet. Filmen er meint som ein «startar» for prosjektet og er utgangspunkt for refleksjonsoppgåver som elevane seinare på dagen, tett følgt opp av kontaktlærarane, skal jobbe med i mindre grupper.

Skuleklokkene ringer, vi er i gong med dag to av prosjektet. I dag står ein av fagdagane på programmet og det er lettare hektisk både blant elevane og dei vaksne. Vi har fått besøk av både eigne og folk utanfrå. I inngangspartiet til 9.klassegangen heng ei oversikt over kor dei ulike klassane skal vere, og etter nokre minutt har alle funne sitt klasserom og er klare til å ta fatt på første økt. Frå klasseromma kjem det ulike lydar, i eitt rom snakkar ei engasjert lege om det å ta vanskelege val når ein er på fest og blir tilbydd alkohol. Ungdommane er nysgjerrige og stiller spørsmål undervegs. Frå eit anna klasserom ser vi lys frå ein skjerm. Her viser helsesøster ein film om seksualitet. I etterkant av filmen går ho inn på aktuelle tema og får i gang ein dialog med elevane. Gjennom vindaug til det innarste klasserommet ser vi alvorlege andlet. Det tar meg ikkje mange sekundane å skjønne kva temaet er, då eg får auge på det store biletet frå « Christoffer-saka» på lerretet. Dei to representantane frå konsultasjonsteamet mot vald og overgrep i Os, fortel om saka og kor vanskeleg det kan vere å få fram slike vanskar. Dei seier noko om kva vald er, at den kan vere både psykisk og fysisk. Dei får fram kor viktig det er å ha ein trygg vaksen å snakke med når ein har det vanskeleg.

Etter at elevane har rullert fleire gonger mellom dei ulike stasjonane, byrjar nokon å kjenne eit behov for å bevege seg litt. Elevane går til ulike postar, i gymsalen styrar to elevar ein danseøkt, ute på fotballbanen er det full fart med amerikansk fotball og ein liten gjeng med ungdommar har meld seg på ei turgruppe. Tre kvarter med bevegelse og så er det tid for felles lunsj i kantina. Denne dagen får alle, uavhengig av om dei har abonnement eller ikkje baguett med ost og skinke. Elevane snakkar på inn- og utpust og verkar nøgd med dagen så langt.

Siste del av dagen er ferdig, alle klassane har vore innom dei ulike stasjonane og både elevar og forelesarar er slitne, men godt nøgde.

Resten av prosjektperioden går for seg på ryddig vis. Elevane lærar stadig nye ting, ting dei ikkje hadde trudd dei skulle lære på skulen. Dei får snakke saman, reflektere, svare på vanskelege spørsmål og sjølv stille spørsmål. Forventningane er store før paneldebatten., debatten som markerar prosjektet sin avslutning. Dei ulike aktørane sit klare og ventar på at debattleiaren skal stille det første spørsmålet. Ungdommane er spente; « Kjem mitt spørsmål til å bli stilt?».

Det er stille i kantina, uvanleg stille. Elevane har tatt haustferie og kantina må ryddast. Vi er nøgde med gjennomføringa og trur dei fleste ungdommane sit igjen med noko verdifullt, at dei har lært noko som dei kan få nytte av anten no eller seinare i livet.

Therese Johnsen undervisningsinspektør Os ungdomsskule

2.5. Spesialundervisning

Lokale mål

1. Tal elevar som får tilpassa opplæring i fellesskapet i klasserommet skal aukast og tal elevar som får spesialundervisning utanfor klasserommet skal reduserast.
2. Alle elevar som har ein individuell rett til spesialundervisning skal få retten sin oppfylt gjennom eit godt forsvarleg system og gode rutinar .

2.5.1 Tilhøvet mellom tilpassa opplæring - spesialundervisning


Ser vi på kva som står i Opplæringslova blir dette behandla i § 5. Retten til spesialundervisning er ein av dei mest sentrale rettane i denne lova, og skal vera eit sikringsnett for elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa. Retten til spesialundervisning må sjåast i samanheng med ”formålsbestemmelsen” om tilpassa opplæring. Blir den ordinære opplæringa dårlegare, aukar mengda av spesialundervisning. Elevar som mottek spesialundervisning skal ha eit opplæringsbehov som skil seg frå behovet for opplæringa dei fleste elevane har. Dette behovet skal beskrivast gjennom ei sakkunnig vurdering som tek stilling til retten til spesialundervisning. Tilpassa opplæring er samla ordinær opplæring og spesialundervisning.

Spesialundervisning vert her den delen av den tilpassa opplæringa som ikkje vert ivareteken av den ordinære opplæringa.

2.5.2 Tilhøvet mellom omsynet til fellesskapet og den einskilde

Når vi går eit steg vidare og ser på prinsippet for TPO som bygger på at vi skal sjå opplæringa frå eleven sin posisjon, eleven skal ha nytte av å gå på skulen. Klassen/gruppa sitt mangfald er nok den

største utfordringa vi har i skulen, det å sjå den einskilde og samtidig ta omsyn til fellesskapet. Å finna balansen mellom omsynet til den einskilde og omsynet til fellesskapet er ei utfordring.



Vi ligg ikkje spesielt høgt når det gjeld ressursar til spesialundervisning i Os kommune, litt under snittet i landet. Vi har gjennom Betre læringsresultat(BLR) satsa meir på tidleg innsats, vi har difor styrka ressurstildeling på 1., 2. og delvis tredje trinn der vi ynskjer å sikra at alle elvar vert fanga opp tidleg nok, og at vi difor tidleg kan setja inn rett tiltak tilpassa den einskilde før eleven er ferdig med tredje trinn. Vi arbeidar aktivt for å styrka tilpassinga innanfor klassen si ramme med t.d. fleire lærarressursar inn i klassen, og redusera timar som blir brukt mot einskildelevar og mindre grupper av elevar som blir tekne ut av fellesskapet i klassen. Det blir lagt vekt på at spesialundervisninga blir meir fleksibel gjennom året der ressursane kan omdisponerast etter behov. Skulane har kontinuerleg fokus på korleis dei samla sett kan utnytta desse ressursane på sin skule. Dette blir gjort gjennom organisering og tilrettelegging av kurs, styrking av klassar, smågrupper etter behov. Ved å gjera dette får vi ferre timar der einskildelevar er utanfor klasseromsfellesskapet.

Dette er ikkje akkurat nytt. Søren Kierkegaard skreiv i 1859 i "Brudstykke af en likefrem Meddelelse" at den som vil hjelpe en annen:

" Først og fremst maa passe paa at finde ham der, hvor han er og begynde der. Dette er Hemmeligheden i al Hjælpekunst"

Dette er viktig for å utvikle sjølvtiliten, sjølvkjensla, og den demokratiske kompetansen og livskvaliteten hjå born og unge.

Praksisforteljing - Lesetrening og studieteknikk med elevgruppe i ungdomsskule 9. trinn

I ein periode på om lag 6 veker brukte lærar ein norsktime (a 60 minutt) i veka for å trenar på å lesa tekst systematisk for å henta ut fakta, forstå samanhengar og reflektera over budskap. I byrjinga av perioden brukte lærar ulike nasjonalprøvetekstar som i starten vart lese høgt med elevgruppa. Så arbeidde elevane parvis med å finna svara på dei ulike typane spørsmål. Spørsmåla vart så gjennomgått i plenum, og elevane deltok aktivt i å plassera spørsmåla i kategoriane:

- Faktaspørsmål
- Forståingsspørsmål
- Refleksjonsspørsmål

Elevane lærte seg å bruka omgrepa bioblikk, nærlesing, kolonnenotat, refleksjon og språkbilete (metafor). Elevane måtte også overvaka leseforståinga si ved å understreka alle nye og/eller ukjende ord. Alle omgrepa og nytt vokabular vart gjennomgått og synleggjort i klasserommet på plakatar (ordveggen).

Etter kvart som elevane vart vane med omgrepa og arbeidsmetoden, var fokuset å auka lesefarten, løysa oppgåver og koma fram til svara på eiga hand. Kvar lesetime inneheldt minst ein ny tekst, og elevane las mange ulike typar tekstar (tematisk og illustrativt), og dei arbeidde med tekstane på ulikt vis gjennom perioden.

Anne Fristad Rektor Nore Neset ungdomsskule

2.6. Vaksenopplæringa

Os vaksenopplæring heldt til i same lokalar som Biblioteket i Os. Den nye, flotte inngangen med heis er å finna på baksida, ved parkeringsplassen. Det er ti tilsette ved skulen og ca 100 elevar fordelt på dag- og kveldsundervisning. Vaksenopplæringa har fortløpande opptak av nye elevar som har behov for opplæring og tilbyr undervisning på fylgjande område:

Grunnskuleundervisning etter §4A-1

Dei som er over 16 år, og som treng grunnskuleopplæring, får denne opplæringa på Os Vaksenopplæring etter søknad og kartlegging.

Eksamensretta grunnskule

Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Os vaksenopplæring gjev undervisning i norsk, matematikk, engelsk, samfunnsfag og naturfag. Opplæringa vert tilpassa behovet til den einskilde. I 2015 hadde Os vaksenopplæring ein elev på eksamensretta grunnskule. Eksamen er planlagt våren 2018. Os vaksenopplæring jobbar med å gje informasjon om rett til grunnskule, og med å få bygd opp eit betre tilbod om eksamensretta grunnskule for vaksne.

Spesialundervisning på grunnskulens område.

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning etter Opplæringslova §4A-2. Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikla eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring. I 2015 gav Os vaksenopplæring tilbod om spesialundervisning til 19 elevar.

Realkompetansevurdering

Å bli realkompetansevurdert kan være aktuelt for vaksne frå utlandet som vil ha papir på grunnskuleopplæring, og som ikkje kan dokumentera å ha tilstrekkeleg grunnskuleopplæring frå heimlandet. Realkompetansevurdering i fag kan gi et avkorta og tilpassa grunnskuleopplæringstilbod.

Os vaksenopplæring jobbar saman med Tysnes, Austevoll, Fusa og Samnanger med å få til ei god organisering rundt realkompetansevurdering av vaksne i grunnskuleopplæringa. Regionens har kjøpt «Trondheimsmodellen» og jobbar vidare med korleis gjennomføring av realkompetansevurdering i kvart einskild fag skal vera. Fram til dette arbeidet er ferdig planlagt og organisert, må Os vaksenopplæring sjølv ta i bruk «Trondheimsmodellen» og gjennomføra realkompetansevurdering i alle dei fem grunnskulefaga på dei elevane som har rett og krev det. Så langt har ingen kravd realkompetansevurdering.

Norsk med samfunnskunnskap for innvandrarar

Innvandrarar i Nasjonalt Introduksjonsregister (NIR), som har kome til Noreg etter 1. september 2005 har rett og plikt til 300/600 timer gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap. Flykningane busett i kommunen får denne undervisninga som ein del av introduksjonsprogrammet. Vaksenopplæringa samarbeider med NAV, som har hovudansvar for introduksjonsdeltakarane. Undervisninga er den same for alle innvandrarane med rett og plikt, men flykningane er i ei særstilling med tanke på at dei skal ha eit fulltids introduksjonsprogram av kommunen. Språkpraksis og andre tiltak er noko Vaksenopplæringa i samarbeid med NAV tilbyr som del av introduksjonsprogrammet.

I tillegg underviser vaksenopplæringa arbeidsinnvandrara i norsk. Desse elevane betalar for norskopplæringa sjølv. Målet for alle deltakarar er å forbetra norskkunnskapane sine, ta norskprøve og å koma seg vidare i jobb eller i det norske utdanningssystemet. Våren 2014 ble det innført obligatoriske digitale norskprøver. Før ble desse prøvane avlagt i regi av Folkeuniversitet, men no er kommunen sjølv pålagt ansvaret av gjennomføringa. Os Vaksenopplæring organiserer og avviklar prøver for eigne deltakarar og for privatistar. I tillegg avviklar vaksenopplæringa samfunnskunnskapspøven.

3. System for oppfølging (internkontroll)

Kvalitetsplan.

Os kommune har ein Kvalitetsplan. Føremålet med Kvalitetsplanen for kultur, førebyggjande tenester, skular og barnehagar er å mobilisera til innsats, synleggjera mål og handlingar samt sikra kontinuitet i arbeidet.

Tilstandsrapporten viser til systema vi har for oppfølging og internkontroll på våre skular.

Under ser de ein skjematisk framstilling av dette systemet.

- Ansvarslinjer mellom nivåa
 - Delegasjonsreglement, organisering og myndighetsfordeling
- Styringsdokument
 - Kvalitetsplan
 - Økonomi
 - Budsjett
 - Avgiftsbudsjett
 - Skulebruksplan
 - SFO-vedtekter
- Modell for ressursfordeling
- Leiaravtaler
- Styringsdialog
- Rapportering,
 - Tertialrapportering
- Medarbeidarsamtaler,
- Ståstedsanalyse på ungdomsskulane.
- Eksterne og interne tilsyn
- Kompetanseutvikling
 - Rektorskulen
 - Vidareutdanning for lærarar
 - Plan for nettverk for lærarar
 - Leiarsamlingar
 - Strategisamling
 - Rådmannen sine leiarsamlingar
 - OU-programmet i region Midthordland
 - Utdanningsprogram for godt eiarskap, god leiarskap og medarbeidarskap i barnehage og skule

Rutinar.

- Elektronisk arkivering
- Elektronisk IOP/IP
- Rutinar tidleg innsats

- Oppfølging nasjonale indikatorar og nøkkeltal,
 - Kostra
 - GSI
- Arkivera elevresultat i Vokal
- Bruka PULS til analyse, refleksjon og presentasjon av resultat
- Plan for overganger
- Internkontroll og prosedyre §9A

Dialog

- Faste møtepunkt
 - Møtepunkt mellom politisk og administrativ skuleeigar
 - Tenesteutval
 - Rådmannen sin leiargruppe
 - Rektormøter
 - Skuleleingsmøte
 - Oppvekstleiarmøte
 - Oppvekstforum
 - Samarbeidsmøte med organisasjonane
- Samarbeidsmøte PPT – Skuleteam
- Treffpunkt
 - Fagtenester
 - KFU
- Administrativ oppfølging merkantilt personale
- Gjennom året har vi formelle og uformelle dialogmøter
- Brukarundersøkingar
- Medarbeidarundersøkingar

Både politikarar, administrativ skuleeigar og dei einskilde skule har eit felles ansvar for å vurdere og følgja opp kvaliteten og resultatata.

